



HORPESTAD SKULE OG BARNEHAGE

12.10.2011

Orrev. 304, 4352 KLEPPE

Tlf. 51 78 62 60, Faks 51 78 62 61

E-post: horpestad.skule@klepp.kommune.no, www.minskole.no/horpestad

Horpestad-nytt



INFORMASJON FRÅ HORPESTAD SKULE OG BARNEHAGE

Oktober 2011

Hei alle saman!



Hausten er her og det er snart jul igjen, tida flyr!

Me går kaldare tider i møte så hugs å kle borna etter veret. Det fins ikkje dårleg ver, men det fins dårlege klede. Det å vera ute i naturen skal vera ein fin oppleving.

Til nye elevar/foresette

Som de har forstått er Horpestadnytt skulen og barnehagen sitt informasjonsblad som me gir ut ca. 6 gonger kvart år. Me prøver å samle ein del av informasjonen til heimane i dette bladet, slik at me slepp å senda heim for mange lappar i ranselen. I tillegg vil kontaktlærarane gje sin informasjon på foreldremøte og på anna vis. Det vil alltid vera mykje nytt å setja seg inn i når ein elev tek til på skulen for første gong - eller flyttar til ny skule.

Eit av punkta i våre rutinar nemner vi spesielt her. Det er at det skal ikkje brukast utesko i undervisningsromma. Derfor

må borna ta av seg sko og skifta til innesko. Dersom dei ikkje har teke med innesko, går dei på sokkane inne. Det er derfor lurt at dei får med seg innesko **merka** med namn.

Informasjonsbladet blir sendt med det yngste av borna heim, det er difor viktig at foreldra eller andre føresette tar ansvar for å sjekka ranselen kvar dag. Me håper på eit godt og gjensidig samarbeid mellom heim-skule. Bruk heimesida www.minskole.no/horpestad her står det mykje nyttig informasjon.

Velkomen til eit nytt år

Det er alltid spennande å starte på nytt. Nokre av elevane kjem til skulen vår for første gong, men mange kjem tilbake etter ein god ferie. Me ønskjer alle velkomen til det me håper skal bli eit godt arbeidsår for små og store.

KLEDE

Ein annan ting me minner om ved skulestart er at foreldra tek ein merkeaksjon på klede. På skulen har me no rutinar for at det i slutten av kvar veke blir sjekka at det er tomt i garderoben når dei går heim (med unntak for dei minste elevane som bør ha nokre skifteklede liggande i hylla si). Dersom me kvar veke kan halda korridorane tomme for klede, håper me at det ikkje blir så mykje som ligg att når året er omme.

FORELDRA må delta i dette ved å:

- skriva namn i klede og sko
- etterlysa/sjå på skulen etter sakna klede
- halda kontroll på at gym.tøy/badetøy kjem heim etter bruk.

FRITAK RLE-FAGET

Me nemner og at det i skulen er rett til å be om fritak for deler av RLE-faget (Religion-Livssyn-Etikk). Dersom dette er aktuelt, ber me om at foreldre tek kontakt med skulen og fyller ut skriftleg melding om dette.

PERSONALET

Lærarar og elevar er organiserte i team 1 (1.-4. trinn) og team 2 (5.-7. trinn):

Kontaktlærar:

7. trinn	Jeanette Ødegård og Frank Sørensen
6. trinn	Grete Marie Molaug
5. trinn	Arnfrid Helgeland
4. trinn	Sven Atle Østerhus
3. trinn	Magnhild Salte
2. trinn	Klara Folkvord
1. trinn	Karen Haugland

Ruth-Kristin Hatleskog og Heidi Håland er spes.ped. koordinatarar

Ingrid Årstad assistent i skulen og leiar i SFO

Mariann Braut er assistent i skulen og SFO

Elfrid Wiig er assistent i skulen og bibliotekar

Oda Engelsvoll lærling i skule og SFO.

PLAN FOR UTVIKLINGSARBEID 2011/2012

1 LÆRINGSMILJØET - ZERO

- Mål:
- betra læringsmiljø
 - gje elevane sosial læring
 - førebyggje åtferdsproblem

- Tiltak:
- implementert i vanleg undervisning
 - Zerotimar kvar veke

Ansvar: Ressursgruppa og den enkelte tilsette

2 LESEOPPLÆRING

- Mål:
- at elevane skal få betre lesedugleik og dermed betre fagleg utbytte
 - at leseopplæring skal vera i fokus på alle trinn og i alle fag.

- Tiltak:
- personalet skal følgja opp strategiar og leseopplegg
 - leseplan for skulen/kommunen skal innførast/følgjast opp
 - Leselos

Ansvar: Leselærar, rektor og plangruppa

3 VURDERING FOR LÆRING

- Mål:
- at elevane skal få betre rettleiing i si læringsutvikling
 - tydeleg målsetting i undervisninga
 - utarbeida kriterium i fag
 - at elevane sjølv skal delta i vurderinga

Ansvar: Ressursgruppa, utviklingsgruppa/den enkelte lærar

SMITTEHINDRING

Kvart år vil vi sjølvsagt oppleve i skulen at barn blir sjuke og at det kan koma smittsame sjukdommar blant borna.

Dei tre tinga vi spesielt nemner er

- Brennkoppar
- Augekatarr
- Lus



Desse må behandlast på rett vis før elevane kjem på skulen og er i kontakt med andre elevar. No er det og aktuelt å visa spesiell omsyn ved **influensa**. Dersom elevar får influensa, skal dei haldast heime minimum sju dagar. Sjekk med helsestasjonen dersom du lurar på noko.

GRATIS SKULE

Barn som går i norsk skule skal ikkje måtte betala for det som skjer i skuletida. Det har også vår skule teke konsekvensen av. Før kunne det henda at det blei teke inn "eigenandel" på bussturar og liknande. Dette skjer ikkje lenger. Det betyr at alle turar, ekskursjonar, konsertar og liknande er gratis. Det blir ikkje arrangert leirskule på barnetrinnet, men på 6. årstrinn skal det vera ein overnattingstur for elevane.

LEKSEHJELP

Me held fram med den nye leksehjelpsordninga. Dei som har meldt seg på dette (1. - 4. trinn) møter opp til leksehjelp måndag, tysdag og onsdag. Der vil det vera vaksne til stades å ta mot dei og hjelpa den enkelte så langt dei rekk. Dei kan vera der 30 min, 60 min og 30 min, men kan og gå etter kvart som dei er ferdige.



MJØLK/FRUKT

Me har på skulen lagt vekt på at borna skal ha eit skikkeleg måltid i skuledagen. Alle skal delta (ingen får springa ut) og me ønskjer at alle har med mat.

Me har no lang tradisjon for å tilby mjølk på skulen. I tillegg har me i fleire år gitt tilbod om frukt til dei som ønskjer det.

Det er sjølvsagt ei frivillig sak om borna vil bestilla dette, men me synes det er ei grei ordning at dei slepp å ta med drikke heimanfrå. Då unngår me søl i ranselen og dei får god mjølk til maten.

Me ber om at foreldra gjer si bestilling sjølv. Det gjer de ved å gå inn på nettet på adressa: www.skolemelk.no. På forsida der finn du hjelp til korleis du skal gå fram. Dersom du har problem med internett, kan du ta kontakt med skulen og få hjelp til påmelding. Du kan bestille lett eller ekstra lett mjølk og dette kostar kr. 4,08/4,12 pr. kartong. Bestilling av frukt skjer og direkte til leverandøren. Då går du inn på www.skolefrukt.no og gjer di bestilling der. Prisen er kr. 2,50 pr. dag med frukt og eleven får då den frukta skulen har fått tilsendt kvar dag. Det ligg lenker til dette på vår heimeside.

Hugs at borna alltid skal ha med:

* BLYANT og VISK er viktige reiskap som alltid må ligga klare i ranselen.

* MELDINGSBOK skal dei alltid ha med slik at både skule og heim kan gje meldingar i den.


* LÆREBØKENE

Dersom dei har lærebøker med heim, må dei hugsa å ta dei med att den dagen dei skal ha dei på skulen.

NB: Det er viktig å leggja varebind på bøkene!

* UTSTYR som vi ønskjer at den enkelte kan ha sjølv:

- saks - limstift - fargar til bruk heime





GYMN.TØY/BADETØY

Bruk av gymnastikksalen vil ofte skje allereie frå 1. årstrinn. Lærarane vil senda melding heim når dei skal ha gymnastikk og at dei då skal ta med eige tøy til bruk i gymnastikksalen.

Frå 1. - 7. årstrinn har alle borna symjeopplæring i bassenget på Orre skule. I den perioden dei har symjing, er det viktig at dei tek med seg det rette utstyret: badeklede, badehette, såpe og handkle. **Dei kan ikkje delta i symjing utan rett utstyr!**



DAGSRYTMEN på skulen er følgjande for skuleåret 2011-2012

Måndag kl. **08.20 - 13.55**

Tysdag kl. **08.20 - 12.25**

Onsdag kl. **08.20 - 13.55**

Torsdag kl. **08.20 - 12.40**

Fredag kl. **08.20 - (12.10 1.-4.trinn og kl 13.55 (5.-7. trinn))**

Viktige notat

NB: Hugs å merka klede som borna bruker, slik at dei finn det att når dei gløymer det på skulen!

Skuleveg

No er morgonane mørkare. Då oppmodar me sterkt alle til å bruka refleksvest fast kvar morgon anten dei sykklar eller går. Me oppmodar og til å bruke hjelm når me sykklar til og frå skulen. Etter haustferien startar Fau opp reflekskonkuransen igjen. Her vil lærar ta stikkprøver gjennom veka og telje opp kor mange som har på seg refleksvest. Trinnet som er best prosentvis vil få ein gode av Fau.



Elevrådet 2011-2012



Fra 7.klasse er Lene, Jannike og Julie med, men Julie var borte når bildet ble tatt.
Fra 6. klasse er Tomine, Mathias og Ida med, men Tomine var borte når bildet ble tatt.
Fra 5. klasse er Ida og Olav med
Fra 4. klasse er Thomas og Lina med.
Fra 3. klasse er Gøril og Kristian med.

Lene er leder, Jannike er nest leder, Ida er kasserer og Tomine er sekretær.

FAU- medlemmer og foreldrekontaktar 2011/2012

Alle foreldre med barn i skulen er automatisk med i foreldrerådet.
Foreldrerådet skal kvar vår på sitt årsmøte velja eit arbeidsutval (FAU)
som står for den aktiviteten som foreldrerådet har i eit skuleår.

For komande år er desse vald:

FAU er ein samarbeidspart for skulen i arbeidet for at borna skal få eit godt skulemiljø. Det er opp til FAU kva dei vil engasjera seg for i skulemiljøet. Dei er svært mottagelege for innspel frå foreldra!
I tillegg til dei felles foreldremøta dei arrangerer, har FAU arrangement som styrker miljøet og som kan gje inntekt til beste for borna.

FAU - medlemmer og foreldrekontaktar 2011/2012

FAU-MEDLEMMER

Trinn	Namn/adresse	Mobil	E-post til Fau	Periode	Rolle/arb.gr.
BHG	Petter Eide Lensmanns Carls.veg 27 4352 Kleppe	97173808	petter.eide@eu.weatherford.com	11/12	
SFO				11/12	
1.	Kristine Meinkøhn	907 11181	kristinenorheim@hotmail.com	11/12	SU
2.	Hege Hopen Lensmanns Carls.veg 82 4352 Kleppe	984 12680	hege.hopen@kleppnett.no	11/12 12/13	Sekretær
3.	Marita Grødeland Horpestadvegen 177 4340 Bryne	413 27050	marita.grodeland@westco.no	11/12	
4.	Ingrid Rosland Kjengaren 1 4352 Kleppe	402 92240	oddbjørn.rosland@kleppnett.no	11/12 12/13	
5.	Mette Junge Kjengaren 4 4352 Kleppe	472 62208	mettejunge@kleppnett.no	11/12	Nest-leiar
6.	Martin Sunde Lensmanns Carls.veg 81 4352 Kleppe	913 04883	martin.sunde@fjordkjokken.no	11/12 12/13	Leiar
7.	Atif Rehman Vardebakken 12 4352 Kleppe	938 78448	Atifrehman80@hotmail.com	11/12	

Foreldrekontaktar


Trinn	Namn/adresse	Mobil	E-post foreldrekontakter	Periode
BHG	Olaug Hadland Longholsvegen 21 4352 Kleppe	476 64426	Olaugsta@hotmail.com	11/12
1.	Anne Gro Wiig Braut	988 05862	stianbraut@live.no	11/12 12/13
2.	Idar Håland Lensmanns Carls.veg 61 4352 Kleppe	907 57843	idar@haland-kjott.no	11/12
3.	Gunn Marit Solli	975 35159	gunnmarit@gmail.com	11/12 12/13
4.	Elselill Sunde Lensmanns Carls.veg 8 4352 Kleppe	988 88168	elselill.sunde@kleppnett.no	11/12
5.	Jorunn Cecilie Voll	478 53665	Voll-cec@online.no	11/12 12/13
6.	Åshild Rosseland Kjengaren 26 4352 Kleppe	902 95972	Janinge61@gmail.com	11/12
7.	Leif Erik Gunnesdal Anja Haavardsholm	928 50030 913 43696	leif.erik.gunnesdal@kleppnett.no Anja.haavardsholm@bos.no	11/12

Foreldrekontakt er

- representant for foreldra/føresette på trinnet
- vald av og blant foreldra/føresette til barn på trinnet
- bindeledd mellom foreldra/føresette og læraren/lærarane på trinnet
- bindeledd mellom foreldra/føresette og Fau

Oppgaver for foreldrekontaktane

- Leia foreldresamarbeidet på trinnet.
- Planleggje trinnforeldremøta i samarbeid med lærarane.
- Skrive referat frå foreldremøta.
- Ha god kontakt med lærarane om læringsmiljøet, fagleg og sosialt.
- Ta kontakt med "nye" foreldre/føresette.
- Halde kontakt med Fau.
- Velja ny representant i tide.
- Ha ansvar for trinkassa.
- Leggje opp ein sosial plan for trinnet på fritida.



Plandagar i haust.

Skule og SFO fri fredag den 18.11.2011 (skolemøte i Rogaland)

First Lego league 2011 - Food Factor

Då var 6.trinn godt i gang med FLL arbeidet sitt. Dei forskar på korleis me kan gjera maten trygg. Oppgåva kan du lesa nedanfor her. Trinnet er delt i to lag som både samarbeidar om løysingar og er rivalar i konkurransen. Laga bygger og robotar som dei programmerer til å løyse forskjellige oppdrag på eit robotbord. Film av oppdraga som roboten skal gjera kan du sjå her:

<http://hjernekraft.org/nyhet/617/ny-film-om-robotoppgavene.aspx>

Denne linken ligg og under 6.trinn si sida på minskole.no/horpestad

Det spesielle med First Lego League er at svare kan vera så mangt. Det er ingen som veit korleis resultatet blir etter åtte vekers arbeid, men alle som er med skal oppleva meistring. Om vi får med oss ein premie i tillegg så hadde det vore kjekt.

Laga skal og profilera arbeidet og løysinga si ved hjelp av ... Ja, kven veit kva dei vel. Elevane skal sjølve finna ut korleis dei vil gjera det. Me vaksne er bare med som gode veiledarar og hjelpar dei når elevane ber om det.

Det er no fjerde året Horpestad deltek i First Lego League og me ser at prosjektperioden ofte utviklar seg på same måten kvart år. I starten er det stor motivasjon og glede, så kjem elevane (og ofte også dei vaksne) inn i ein periode der det blir litt frustrasjon og me finn mange problem og utfordringar som må løysast. Når laga så kjem litt vidare så kjem som oftast "lagfølelsen" sterkt fram og alle arbeidar som besett for å bli ferdig. Dei ser målet og siktar seg inn med stor nøyaktighet. På finaldagen så kjem klimakset der dei skal visa fram alt dei har gjort. Dei skal legga fram forskinga si, dei skal visa korleis dei har profilert seg og løysinga si og dei skal få roboten til og forhåpentlegvis gjera det elevane vil den skal.

Har du lyst å komma å sjå på kva elevane driv med så er dei i full aktivitet etter maten på måndagar. Då er dykk velkomne til å komma å sjå på, spør og grava og kanskje også gje eit tips eller to til elevane. Men bare viss det er eit godt tips. :) Gje beskjed til Stig Morten eller Grete Marie viss du vil koma innom å sjå.

Her er forskingsoppgåva elevane skal gjera. Meir detaljert om forskinga og om profileringa og robotane kan du lesa her: www.hjernekraft.org

“Ta vare på maten. Tenk mattrygghet!”

Bli med å forske på mattrygghet og hva som kan bidra til at maten vi spiser får enda bedre kvalitet.

Flere faktorer kan være med på å redusere kvaliteten.

Det kan være kontakt med insekter og små dyr, bakterieinfisert matlagning, transportering, uheldige tilsetningsstoffer og dårlig hygiene for å nevne noen.

I oppdraget skal dere komme med ideer på hvordan vi kan minimere og kanskje helt fjerne påvirkningen fra disse eller andre faktorer.



Rektorhjørnet

No er allereie skuleåret som sagt godt i gang. Det er fantastisk å starta opp eit år utan for mykje utskifting av personell. Det skaper tryggleik blant både store og små, noko me ser igjen i friminutt og elles i timane. Elevar og vaksne visar at her har me det trygt og godt, samtidig som me har fokus på læring og meistring. Satsingsområda er store, men ikkje nye, og vil dette året implementerast inn i organisasjonen vår. Her treng me og dykkar hjelp. Støtt opp i heimen om det som skjer rundt lesing, vurdering og Zero. Dykk er alle ein av dei viktigaste faktorane for at barna forstår viktigheita med å gå på skulen. Den holdninga elevane har med seg til skulen, om skulen er veldig ofte avgjerande for den læringa som enten inntreffer eller ikkje. Her må me jobbe saman, skape gode relasjonar og rutinar for våre unge håpefulle.

1.trinn har glidd veldig godt inn i skulen, ved hjelp av besøksdagane i forkant av skulestart og fadderordninga me har på skulen. Dette i tillegg til mange dyktige tilsette som gir sitt, for at våre nye elevar skal trivast på Horpestad skule.

Eg nemnde også satsinga til skulen fram mot 2015 på foreldremøte no i september. Det blir veldig spennande. Her på skulen har vi som mål å bli særst dyktige på vurdering for læring, uteskule og realfag innan 2015. Dette gler vi oss til, og vi er godt i gang allereie!

Lukke til med skuleåret og innlæringa av ny kunnskap, til det beste for elevane våre.

Helsing oss på Horpestad

